



## Møteinkalling

---

<b>Utval:</b>	<b>Jostedalsbreen nasjonalparkstyre</b>
<b>Møtestad:</b>	Skei
<b>Dato:</b>	22.10.2024
<b>Tidspunkt:</b>	14:00

---

Velkomen til det sjette møtet i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2024.

Tysdag 22.oktober kl. 10:00 har nasjonalparkstyret kalla inn til dialogmøte med fagleg rådgjevande utval og administrativt kontaktutval på Thon Partner Hotel Jølster på Skei.

Møtestart for nasjonalparkstyret vert etter at dialogmøtet er ferdig, ca. kl. 14:00 med orientering om planane til Brævasshytta ved Frøydis Hegnar fra Arkitektkontoret 4B. Vi satsar på å vere ferdig til kl. 17.

Eventuelt forfall må meldast snarast til ein av forvaltarane Tor Arne Hauge på tlf 90 19 24 71 eller Trygve Snøtun på tlf 95 79 44 84.

Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Velkomen!

Venleg helsing  
Trygve Snøtun og Tor Arne Hauge  
Nasjonalparkforvaltarar



## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 31/24	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 32/24	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 33/24	Jostedalsbreen nasjonalpark - Sunndalen - Vedlikehald av sti - Sunndalen sankelag		2024/14948
ST 34/24	Orienterings- drøftings- og referatsaker		
ST 35/24	Delegerte saker		
DS 5/24	Delegert vedtak - Dispensasjon - Motorferdsel med helikopter for frakt av grus til restaureringsarbeid på Skålastien hausten 2024 - Skålastilaget		2024/13561
DS 6/24	Jostedalsbreen nasjonalpark - Løyve til frakt av material til klopplegging - Austerdalen - 2024 - Luster Turlag		2023/14777

### Orienteringssaker

1. Presentasjon av prosjekt ved Brævasshytta, ved Frøydis Hegnar frå Arkitektkontoret 4B
2. Oppsummering av dialogmøtet
3. Status tiltaksplan og økonomi pr 15.10.2024
4. Tiltaksplan 2025 - drøfting
5. SNO orienterer
6. Mediesaker sidan sist

**ST 31/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**ST 32/24 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar**



Arkivsaksnr: 2024/14948-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 09.10.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	33/24	22.10.2024

## **Jostedalsbreen nasjonalpark - Sunndalen - Vedlikehald av sti - Sunndalen sankelag**

### **Innstilling frå forvaltar**

I medhald av naturmangfaldlova § 48 gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre Sunndalen sankelag løyve til å plukke ut inntil 10 furutre på høgda mellom Tverrelva og Sunndalssætra til bruk som materialar ved restaurering av klopper på stien på staden. Trear skal veljast med omhug, og må ikkje vere av dei største og eldste i området. Hogstavfall må leggjast på eigna stader slik at det vert minst mogeleg synleg frå stien. Tiltaket må gjennomførast innan 10.10.2025.

### **Søknaden vert vurdert etter:**

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark av 25.10.1091
- Lov om bevaring av naturens mangfold
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Skjøtselsplan for Sunndalen, NIBIO 2022



## Saksopplysningar

Sunndalen sankelag ynskjer å vedlikehalde den gamle stien til Sunndalssætra med nye klopper over nokre myrlendte parti mellom Tverrelva og Sunndalssætra, sjå kart fig.1. Stien er ein gamal ferdsliveg frå Sunndalen gard mot Sunndalssætra og ein del av den DNT-merka stien over Kamperhamrane, mot Ruddalsvatn og Skjåk. Den aktuelle sti-parsellen vart kloplagt for om lag 10-15 år sidan. Det vart då nytta stadeigen furu som virke. Kloppene er i dag sokke ned i myra og dels i ferd med å bli brote ned, sjå fig.2. Sunndalen sankelag og Indre Sunnfjord Turlag har begge ytrå ynskje om å restaurere kloppene som er därlege.

For å unngå unødig bruk av helikopter til frakt av materialar ynskjer Sunndalen sankelag å ta ned nokre furutre og nytte dei til å lage nye klopper, på same måte som det vart gjort då kloppene vart lagt. Det er truleg trøng for inntil ti furutre for å dekke behovet for kloppematerialar.

Sakshandsamar var mandag 7.oktober på synfaring saman med leiar i Sunndalen sankelag, Ingolf Folven, for å sjå på stiparsellen og område for eventuelt uttak av furu til nye klopper, sjå figur 3. Nokre av kloppene på staden har, etter sakshandsamar si vurdering, trøng for utbetring. Dei gamle kloppene er i ferd med å søkke ned i myra og miste noko av sin funksjon. Det er ganske mange furutre av ulike alder nær stien, nokre av desse kan eventuelt plukkast ut og nyttast til utbetring av dei gamle kloppene, utan at det påverkar natur og landskap nemneverdig.




Fig. 1. Kart som syner stien (raud strek), område med enkelte klopper (blå strek) og ynskete område for plukkhogst av furu (grøne sirklar)



*Fig. 2. Oversikt over myr med sti der klopplegging treng fornying. Gamle klopper er så vidt synleg i myra.*



*Fig. 3 Eit av områda med furuskog aktuelt for uttak av tre til kloppematerial.*



### Lovgrunnlag:

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

Vedlikehald av den eksisterande stien med nye klopper er i seg sjølv ikkje eit søknadspliktig tiltak, men ynskje om å nytte stadeigen furu til å lage nye klopper er i strid med verneforskrifta kap. IV, punkt 2.1, som seier at:

«Vegetasjonen, også daude tre og buskar, er verna mot all slags skade og øydelegging som ikkje kjem av vanleg ferdsle og tradisjonell beiting i utmark.

Nye planteartar må ikkje innførast. Treslagsskifte og granplanting er ikkje tillate.»

I kap. IV, punkt 2.2 og 2.3 i er det nemnt opp nokre unntak frå forbodet i punkt 2.1, men felling av tre for å nytte dei i til klopper på stiar inngår ikkje som ein del av desse unntaka. Saka må difor handsamast etter den såkalla generelle dispensasjonsheimelen § 48, 1. ledd i naturmangfaldlova, som seier at:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom dette ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Tiltaket må òg vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova (nml.) jf. nml. §7, og føremålet med nml. (§ 1): «Lovenes formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern (...).».

### Vurdering

Stien frå Sunndalen gard mot Sunndalssætra er ein viktig tursti og kulturminne som må takast vare på og haldast i hevd, jf. føremålsparagrafen 2. og 3. strekpunkt. Den er ein del av den gamle og verneverdige ferdslivegen mellom aust og vest over Kamperhamrane. Det er den kortaste stien inn til Sunndalssætra, men etter at driftevegen på andre sida av elva vart utbetra har truleg denne teke over ein god del av ferdsla inn til sætra. Å vedlikehalde stien på enkelte punkt vil vere nødvendig for å sikre at stien framleis vert brukt og dermed halden open. Vedlikehald av dei enkle trekloppene på det myrlendte partiet sør for Tverrelva vil sikre at ferdsla vert samla over dei våte partia og dermed redusere sjansen for slitasje på myra. Tilveksten av nye furutre på staden er god, så uttak ved spreidd plukkhogst av eit mindre tal tre på staden vil ikkje ha påverke naturen nemneverdig.

Søknaden om uttak av furu til bruk som kloppematerialar skal vurderast etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

§ 8 kunnskapsgrunnlag: Kunnskapsgrunnlaget i denne saka byggjer på observasjonar under synfaring på staden 7.oktober 2024.



§ 9 føre-var-prinsippet: Det er god tilvekst av furutre i ulike aldrar på staden. Sakshandsamar vurderer difor at det er svært liten sjanse for at uttak av inntil ti tre vil ha negative konsekvensar for verneverdiane så lenge trea som vert hogge ikkje er av dei eldste trea på staden.

§ 10 økosystemtilnærming og samla belastning: Det er god tilvekst av nye furutre på staden. Det omsøkte tiltaket vil ikkje auke den samla belastninga i området i særleg grad.

§ 11 kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Det er ikkje relevant å vurdere dette, då det ikkje er fare for miljøforringing ved gjennomføring av tiltaket.

§ 12 miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Sakshandsamar vurderer at restaurering av kloppene på staden med lokal furu er ei god og berekraftig løysing. Alternativet vil vere å hente inn furuplank frå annan stad og flyge inn med helikopter, noko som vil vere ei därleg løysing for klima og miljø.

Uttak av nokre furutre for å bruke dei til klopper vil ikkje påverke verneverdiane nemneverdig så lenge plukkhogsten vert avgrensa til maksimalt 10 tre som ikkje er av dei eldste på staden, og hogsten er spreidd og litt vekk frå stien. Tiltaket vil etter sakshandsamar si vurdering vere i trådd med verneføremålet, då det legg til rette for tradisjonelt friluftsliv, ivaretaking av eit viktig kulturminne utan at naturverdiane vert nemneverdig påverka.

**ST 34/24 Orienterings- drøftings- og referatsaker**  
**ST 35/24 Delegerte saker**



Jostedalsbreen  
nasjonalparkstyre

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Rådhusvegen 1  
6868 Gaupneststed

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5764 3133  
svlpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/jostedalsbreen>

Skållastilaget

---

Sakshandsamar Tor Arne Hauge

Vår ref. 2024/13561-0 432.3

Dykkar ref.

Dato 13.09.2024

## Delegert vedtak

Delegasjonssak	6/2024
----------------	--------

## Delegert vedtak - Dispensasjon - Motorferdsel med helikopter for frakt av grus til restaureringsarbeid på Skålastien hausten 2024 - Skållastilaget

### Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 14.03.2016, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark kap IV, pkt 4.3 andre strekpunkt, gjev Jostedalsbreen nasjonalparkstyre Skållastilaget løyve til bruk av helikopter for transport av grus og pukk til reparasjon og vedlikehald av Skålastien i Jostedalsbreen nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld i tidsrommet 18.09.2024 – 30.09.2024.
2. Løyvet gjeld for inntil 45 turar med helikopter for frakt av grus og pukk til vedlikehald og reparasjon av Skålastien.
3. Det skal takast omsyn til folk og dyr ved gjennomføring av transport.
4. Det skal ikke flygast på søndagar eller andre heilagdagar.
5. Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Anne Rudsengen varslast, anten på epost [anne.rudsengen@miljodir.no](mailto:anne.rudsengen@miljodir.no) eller på telefon 959 63 888.
6. Helikoptertransporten skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og føre til minst mogeleg uro.
7. Søkjar skal gi skriftleg rapport til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre etter at transporten er gjennomført, seinast innan 1.november 2024. Merk rapporten med referanse 2024/13561, og send på epost til [tor.arne.hauge@statsforvalteren.no](mailto:tor.arne.hauge@statsforvalteren.no).
8. Kopi av dette løyvet skal takast med under motorferdsla i tilfelle kontroll.

Søkjar er sjølv ansvarleg for å hente inn nødvendige løyve frå kommune og grunneigarar.



## Dokument i saka

- Søknad frå Skålastilaget, datert 06.09.2024
- Prosjektskildring merking og vedlikehald Skålastien 2024, januar 2024
- Notat – Sårbarheitsvurdering, datert desember 2020
- Besøksstrategi Jostedalsbreen nasjonalpark 2021-2027, 26.10.2021

## Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark, av 25.10.1991
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfoldlova)
- Delegeringsreglement for Jostedalsbreen nasjonalpark, datert 14.03.2016
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark, juni 1994

## Søknaden

Skålastilaget v/prosjektleiar Ole Runar Aabrekksøkte 06.09.2024 om løyve til motorferdsel med helikopter i samband med restaureringsarbeid på Skålastien som vert gjennomført i 2024. Frå søknaden:

«Skålastilaget utfører hausten 2024 noko reparasjon for å ivareta den over 100 år gamle oppmura stien mot Skåla. Til dette manuelle arbeidet har vi behov for å frakte inn grus til anleggsområde med helikopter. Vårt utflygings-plass ligg på Breng i Lodalen.

Tidspunkt for frakt er avhengig av værtilhøve, og er vanskeleg å fastsetje ein dato på i førekant. Vi ynskjer derfor å søkje om eit tidsrom for løyve til å utføre frakt.

Frakt vert ikkje lagt til laurdag/søndag.

Landing av helikopter berre på Breng i Lodalen.

*Skålastilaget søker Stryn kommune om løyve til 45 vender Breng – sti mot Skåla i perioden 18. september til 30. september 2024.»*


Reparasjonsarbeidet på Skålastien i 2024 er ei fortsettjing av arbeidet som vart gjort på stien i 2022. Det er i 2024 gjort arbeid på parsellar ved S-sving 2 og S-sving 3, mellom Sjinglebrua og Sjinglesteinen og på eit par punkt ved 900 moh. Helikopterfrakt må nyttast ved påfylling av grus og pukk til stien, på same måte som i 2022. Tilsaman 283 m av stien er utbetra og klar for påfylling av pukk og grus.

Arbeidet som vert gjort på Skålastien i 2024 er vedlikehald av eksisterande sti, i tråd med verneforskrifta sitt kap.IV, punkt 1.2, tredje strekpunkt. Det er i tillegg merka ein ny sti frå Skålavatnet til Vesleskåla, i tråd med løyve gjev i utvalssak 28/23 den 23.08.2023.

Det er utarbeidd ei sårbarheitsvurdering for Skålastien (2020). I sårbarheitsvurderinga er tiltak for å samle ferdsla på eit stispor og tiltak for å redusere sårbarheita i parti med fuktigare naturtypar særleg vektlagt. Tiltaka som har vorte gjennomført i dei seinaste åra byggjer m.a. på kunnskap frå sårbarheitsvurderinga.



## Jostedalsbreen nasjonalparkstyre



Figur 1 Kart som viser start- og endepunkt for flygingane. Henta fra søknaden.

### Lovgrunnlag

Føremålet med Jostedalsbreen nasjonalpark er:

- Å verne eit stort, variert og verdfullt bremråde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- Å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- Å verne om kulturminne og kulturlandskap

Motorferdsle, m.a. landing og lågtflyging med helikopter, er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta kap. IV, punkt 4.1. I kap. IV, punkt 4.3,



2.strekpunkt er det gjeve opning for av forvalningsstyresmakta eller den som får fullmakt til det likevel kan gje løyve til:

*« - motorferdsle for transport av materialar til hytter, klopper m.m., og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer.»*

Kva som ligg i formuleringa i strekpunkt 2 er noko uklårt, men sidan klopper har med stiar og vegar å gjere vurderer vi at nødvendig transport av grus og pukk til ein eksisterande sti kan falle inn under «...klopper m.m.» i denne paragrafen.

I tråd med verneforskrifta pkt. IV, 4.3 skal følgjande leggjast til grunn for vurdering av søknaden:

*«Før eventuelt løyve vert gjeve skal trangen for transport vurderast mot moglege skader og ulykker og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.»*

I Forvalningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark (1994) er jamleg vedlikehald av Skålasiem nemnt som viktig under punkt 7.2.5. *Kulturminne og bygningar*.

Forvalningsplanen seier ingenting om korleis søknader om motorferdsel i samband med vedlikehald av stiar skal vurderast. Forvalningsplanen seier også at det skal vere minst mogeleg motorferdsle i nasjonalparken.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

#### Naturmangfaldlova § 8-12:

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdera om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

#### **Vurdering**

Det er lagt ned mykje ressursar over lang tid i restaurering av Skålasiem. Skålasiem og Skålatalnet er viktige kulturminne som må takast vare på. I skjøtselsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark er jamleg vedlikehald av Skålasiem nemnt som viktig under punkt 7.2.5 Kulturminne og bygningar. Skålasiem har lenge vore ein populær tur inn i nasjonalparken. Vedlikehald og nødvendige utbetringar for å ta vare på stien er i besøksstrategien høgt prioritert.

Motorferdsle for frakt av grus og stein til utbetring av stiar er ikkje direkte nemnt i verneforskrifta kap. IV, pkt. 4.3, som nemner opp føremål som forvalningsstyresmakta har fullmakt til å gje dispensasjon til motorferdsel. I pkt.4.3, andre strekpunkt heitar det:

*«...motorferdsel i samband med transport av materialar til hytter, klopper m.m.».*

Sakshandsamar vurderer at transport av grus og pukk til vedlikehald av kulturminnet Skålasiem fell inn under «...m.m.», og at søknaden kan handsamast etter verneforskrifta kap.IV, punkt 4.3.



Motorferdsle skal i nasjonalparken skal haldast på eit minimum, men når tiltaka er viktige nok og omsynet til verneføremål og verneverdiar er ivaretekne vil det i nokre samanhengar vere rett å nytte motorisert transport i nasjonalparken. Frakt av grus og pukk til reparasjon av stien på Skåla er eit viktig tiltak. Frakt med helikopter er einaste mogelegheit for frakt til dei parsellane som i 2024 vert utbetra på Skålstien. Helikopterflyginga vil skje på vekedagar når det normalt er lite trafikk av turgåarar på Skåla. Talet turar må haldast på eit lågast mogeleg nivå. Kostnaden med kvar tur med helikopter er høg. Dette vil, etter sakshandsamar si vurdering, i seg sjølv gjere at tal turar med grus og pukk ikkje vil verte fleire enn naudsynt.

Nasjonalparkstyret gav i september 2022 løyve til inntil 66 turar helikopterfrakt av grus og stein til reparasjonsarbeid på Skålstien. Det har og ved fleire høve tidlegare vorte gjeve løyve til helikopterfrakt i samband med restaurering og vedlikehald av Skålstien.

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal ligge til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) når det gjeld naturmangfald og bruk av området kring Skålstien er tilfredsstillande. Det er m.a. utarbeidd ein eigen sårbarheitsvurdering for Skålstien. Lågtflyging med helikopter i september og oktober for frakt av grus og stein vil ikkje ha særleg negativ innverknad på dyre- og fuglelivet i området. Føre-var-prinsippet tilseier at ein har ein streng praksis når det gjeld motorferdsel i verneområde, men den planlagde flyginga i september og oktober vil neppe gje utilsikta verknader på naturmangfaldet.

Etter naturmangfaldlova sin § 10 «Økosystemtilnærming og samlet belastning» skal eit vedtak vurderast i høve samla påverknad/forstyrring. Ein må vurdere om eit tiltak kan skape presedens, og såleis kan bidra til ei gradvis forringing av området og utholing av verneforskrifta. Flyging i samband med vedlikehald av viktige stiar, som skjer til tider på året der innverknaden på naturmangfaldet er liten vil ikkje medføre uheldig presedens.

§ 11 om at «kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver» er lite relevant her.

§ 12 – Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetode: Planlagt vedlikehald og utbetring av stien kan vanskeleg utførast utan at grus og stein vert frakta inn med helikopter.

Det vil ha positive konsekvensar for friluftslivet i nasjonalparken at stien vert vedlikehalden og utbetra. Alle turgåarar, turlag og naturbaserte aktivitetsverksemder kan nytte Skålstien. Tiltaket vert ikkje vurdert å vere i strid med føremålet for vernet. Det vil ha svært liten innverknad på verneverdiane slik flyginga er planlagt i dette konkrete tilfellet.

Ut i frå ei samla vurdering tilrår nasjonalparkforvaltar at det vert gjeve dispensasjon til dei helikopterfrakt av pukk og grus til utbetringane på Skålstien innanfor nasjonalparken som omsøkt.



### **Informasjon om klage**

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via nasjonalparkstyret v/sekretariatet, som kan gje nærmare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Tor Arne Hauge  
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:  
Stryn kommune  
SNO Jostedalsbreen

Tonningsgata 4                    6783                    STRYN



Jostedalsbreen  
nasjonalparkstyre

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Rådhusvegen 1  
6868 Gaupneststed

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5764 3139  
svlpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/jostedalsbreen>

## LUSTER TURLAG

Sakshandsamar Trygve Snøtun

Vår ref. 2023/14777-0 432.3

Dykker ref.

Dato 25.09.2024

### Delegert vedtak

Delegasjonssak

8/2024

## Jostedalsbreen nasjonalpark - Løyve til frakt av material til klopplegging - Austerdalen - 2024 - Luster Turlag

### Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 14.03.2016, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i kapittel IV, punkt 4.3, andre strekpunkt i verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark vedtek nasjonalparkforvaltaren å gje Luster Turlag løyve til motorferdsel med helikopter for transport av materialar til klopplegging i Austerdalen i Luster.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld frå denne dag til 1.november 2024.
- Løyvet gjeld for inntil 10 hiv med materialar frå Tungestølen til ulike stader langs stien til Austerdalsbreen.
- SNO v/ Anne Rudsengen skal varslast minst 1 dag før flyging.

Vi vil minne om at eventuelle løyve etter motorferdselslova må innhentast frå Luster kommune.

### Dokument i saka

- Søknad frå Luster Turlag, datert 18.09.2024.
- Plan for turstien i Austerdalen, 2022, Jørgen Hundseth.
- Utvalssak 35/23 for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, datert 03.10.2023.

### Søknaden

I 2022 vart det utarbeida ein plan for turstien i Austerdalen av Jørgen Hundseth. Luster Turlag fekk i utvalssak 35/23 i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til å legge til rette og merke sti mellom Tungestølen og Austerdalsbreen i samsvar med «Plan for turstien i Austerdalen» med vilkår. No søker Luster Turlag om løyve til å fly kloppemateriell inn til



eigna stader langs stien til Austerdalsbreen for å følgje opp planen. I søknad sendt 18.09.2024 står det:

«*Luster Turlag søker med dette Jostedalsbreen nasjonalparkstyre om løyve til å nytte helikopter til å frakte inn byggjematerial til utbetring av tursti fram Austerdalen på Veitastrand.*

*Det vert vist til brev datert 03.10.2023 fra Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Søknad om godkjenning av stiplan for turstien i Austerdalen, sak 2023/14777-0.*

*Søknaden gjeld transport av plank til å leggje over myrområde og bygging av bruer i samsvar med planen. Det må transporterast material til inntil 15 punkt langs stien, og enkelte stader vil det vere behov for fleire hiv. Dei fleste av punkta er mellom Tungestølen Turisthytte og nasjonalparkgrensa. Totalt vil det vere behov for transport av om lag 20 hiv med helikopter.*

*Planen er å få transportert materialet fram etter stien no i haust.»*

Etter at Luster Turlag har delt kloppmateriell i eigna hiv tilpassa helikopter, vart antal hiv korrigert 25.09.2024:

«Det blir 9 hiv. Noko mindre med plank enn estimert behov, men vårt anslag var veldig skjønnsmessige.»





### Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfoldlova)
- Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark

### Verneforskrift og verneformål

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er, jamfør forskriftera datert den 25. oktober 1991:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleveling gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

Motorferdsle, inkludert landing med luftfartøy og lågt flyging mindre enn 300 m over bakken, er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark (verneforskrifta kapittel IV, punkt 4.1).

Forvaltingsstypesmakta kan likevel gje løyve til motorferdsel for transport av mellom anna klopper, jf. kapittel IV, punkt 4.3, andre strekpunkt.

Verneforskrifta kapittel IV, 4.3, 2. avsnitt skal leggjast til grunn for løyve etter verneforskrifta kapittel IV, 4.3. «*Før eventuelt løyve vert gjeve skal trangen for transport vurderast mot moglege skadar og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal også vurderast.*»

Etter naturmangfoldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfold, og det skal gå fram av avgjerd korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

### Vurdering

Søknad om transport av kloppemateriell til Austerdalen er ei oppfølging av vedtak i sak 35/23, der sjølve tiltaka langs stien er vurdert. Klopping på dei våte partia av stien er sett på som det viktigaste tiltaket å starte på. Deler av stien ber preg av slitasje og utviding, samt at våte parti kan føre til at stiar blir lagt/endra.

Kloppmaterialet er douglasgran. Dette er godt eigna materiale som har lang levetid, og har ein breidd på 30-40 cm. På grunn av dei store dimensjonane på materialet, vil det vere nok med berre ein plank i breidden.

Det er uvisst kor mange av hiva som faktisk vil vere i nasjonalparken, då mestedelen av dei våte partia langs stien er utanfor vernegrensa.

Gjennom mange år forvaltingserfaring, skjøtselsplan for Tungestølen og eigen plan for turstien i Austerdalen er det i dag godt dokumentert kunnskap om økologi, landskap og skjøtsel for det aktuelle området. Så langt ein kan sjå vil ikkje omsøkt flyging ure i stor grad i



denne perioden, verken friluftsliv, beitedyr eller ville dyr. Bakgrunnen for å fly med helikopter er å få til god kanalisering av ferdsel for å spare vegetasjon og geologiske førekommstar i Austerdalen og slik ta vare på naturmangfaldet (jf. § 8-9 i nml).

Den motoriserte ferdsla vil alltid kunne påverke friluftslivet i området i tidsrommet det føregår, men nasjonalparkforvaltaren vurderer at så lenge motorferdsela vert avgrensa til ein dag, vil denne påverkinga vere minimal. Helikoptertransporten vil bli gjennomført etter at beitedyr er sanka, og dei fleste fuglar og dyr er meir robuste med tanke på dei ikkje har avkom å ta seg av i denne perioden. Det er lite anna motorisert ferdsel i området (nml § 10). Innover Austerdalen er andre transportmåtar enn helikopter lite aktuelt når det er for mykje å frakte manuelt, jf. § 12 i nml, då det er for sidebratt til å nytte snøskuter. § 11 i nml er vurdert til ikkje å vere aktuell i denne saka.

Nasjonalparkforvaltar vurderer det som positivt at Luster Turlag i samarbeid med nasjonalparkforvaltinga ynskjer å utføre fleire tiltak i tråd med stiplanen i Austerdalen. Austerdalsbreen er eit stort trekkplaster, og slitasje på våte parti er i dag ei utfordring. Klopplegging vil ta vare på både vegetasjon og kunne kanalisere ferdsel skånsomt forbi t.d. sårbare geologiske avsettingar. Forvaltar meiner såleis at nytten av motorferdsla er større enn ulempene.

### **Informasjon om klage**

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via nasjonalparkstyret v/sekretariatet, som kan gje nærmere opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Trygve Snøtun  
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

LUSTER KOMMUNE  
Statsforvaltaren i Vestland  
Statens Naturoppsyn

Postboks 77  
Njøsavegen 2

6866  
6863

GAUPNE  
LEIKANGER